

Tre på gangen

Arne Olav L. Hageberg

Journalist og nettansvarleg i Psykologtidsskriftet

- *Kvifor er du på psykologikongress?*
 - *Har du vore her før?*
 - *Kva synest du om opningsforedraget til Bruener og Stern?*

Truls Tallberg Nic Waals Institutt



- For å ta pulsen på faget. Dette er det største arrangementet for psykologar i Noreg, og eg vil følgja med på dei store linjene i faget. I år er fokuset dessutan på utviklingspsykologi, noko som er veldig relevant for meg.
 - Ja, for to år sidan.
 - Det var veldig morosamt å sjå representantar for to så ulike faglege retningar tenka saman utan konflikter.

Lotte Fossland BUP, Sykehuset Namsos



- Fordi det er veldig spanande forelesarar, først og fremst Stern og Bruener. Dessutan er det kjekt med alle kollegaene. Eg har nett vore i permisjon, og Psykologikongressen er ein god måte å koma inn att i faget på.
 - Nei, men eg kjem absolutt til å gjenta dette.
 - Samtalen deira var kjempeflott og kreativ. Dei fekk på ein veldig god måte fram ulike poeng og tema og fekk vist mange kliniske dilemma.

Eldrid Anne Hestmann PPT for videregående i Aust-Agder, Arendal



– Først og fremst på grunn av det faglege. Det er eit veldig kreativt innhald i år. Og så er eg her for å sjå dei store stjernene og for å møte kollegaer og studievener. Det er ein kombinasjon av det faglege og det sosiale.

– Ja, to gonger før.

– Det var fantastisk å høyra på dei. Fascinerande med all kunnskapen deira.